

## KOMMISJONSVEDTAK

2014/EØS/35/06

av 12. desember 2007

**om godkjenning av endringer av det nasjonale programmet som Finland har lagt fram for motkjemping av salmonella i flokkar av avlsfjørfe av arten *Gallus gallus****[meldt under nummeret K(2007) 6097]***(Berre den finske og den svenske teksta er gyldige)**

(2007/849/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2160/2003 av 17. november 2003 om bekjempelse av salmonella og visse andre zoonotiske smittestoffer som overføres gjennom næringsmidler<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Det nasjonale programmet som Finland har lagt fram for motkjemping av salmonella i flokkar av avlsfjørfe av arten *Gallus gallus*, vart godkjent ved kommisjonsvedtak 2006/759/EF av 8. november 2006 om godkjenning av visse nasjonale program for motkjemping av salmonella i flokkar av avlsfjørfe av arten *Gallus gallus*<sup>(2)</sup>.
- 2) Finland har no lagt fram endringar av det nasjonale programmet sitt for godkjenning.
- 3) Dei framlagde endringane av programmet tek omsyn til utviklinga av situasjonen i Finland. Dei er i samsvar med relevant veterinærregelverk i Fellesskapet, og særleg med dei krava som er fastsette i forordning (EF) nr. 2160/2003.
- 4) Endringane av det nasjonale programmet som Finland har lagt fram for motkjemping av salmonella i flokkar av avlsfjørfe av arten *Gallus gallus*, bør difor godkjennast.

- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Dei endringane som Finland har lagt fram av det nasjonale programmet for motkjemping av salmonella i flokkar av avlsfjørfe av arten *Gallus gallus*, og som vart godkjende ved vedtak 2006/759/EF, er godkjende.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. januar 2008.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til Republikken Finland.

Utfærd i Brussel, 12. desember 2007.

*For Kommisjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 333 av 19.12.2007, s. 85, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 41/2009 av 24. april 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 33 av 25.6.2009, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEU L 325 av 12.12.2003, s. 1. Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1237/2007 (TEU L 280 av 24.10.2007, s. 5).

<sup>(2)</sup> TEU L 311 av 10.11.2006, s. 46.